

Ope brev til ansvarlege politikarar
i Stryn kommune og Vestland fylkeskommune

Frå foreldreaksjonsgruppa for
Trygg Veg Olden – Briksdal

Oldedalen, 24.Februar 2020

Angående fv 5724 Olden - Briksdal, heretter kalla «Oldedalsvegen»

Vi vil med dette beskrive situasjonen omkring Oldedalsvegen; situasjonen slik den er etter fleire ti-år med manglande vedlikehald, opprusting og trygging av vegen.

EIN AV NORGES MEST RASFARLEGE VEGAR

Den 5. februar kunne vi lese at vi foreldrene som bur langs Oldedalsvegen (Rv. 5724) sender barna våre til barnehage og skule på Norges 6. mest rasfarlege veg. Av dei ti vegane som er nemde i denne rapporten, så har Oldedalsvegen også nest mest trafikk, - etter strekninga Voss- Bergen. <https://www.nrk.no/vestland/vegvesenet-med-rangering-av-rasfare -seks-av-dei-ti-mest-rasfarlege-vegane-ligg-i-vestland-1.14872698>

Gjennom vinterhalvåret må vi sende barna våre på barnehage- og skule forbi ti farlege områder der snøras kan sperre vegen. I tillegg så er vegen mange stadar alt for smal, og utan sikring mot bratte skråningar rett i det djupe Oldevatnet. Steinsprang og jordras har i tillegg vorte ein ny vanleg del av kvardagen, etter at vi har fått eit våtare klima vinterstid.

Vi som foreldre kan ikkje akseptere denne situasjonen lenger.

Neste bilde : Snøras i Sandvika.



OVERTRAFIKKERT OG SKADA VEG & STOR TURISTAUKE

I den andre halvdel av året, sommerhalvåret, ferdast over 300 000 besøkande turistar på strekninga Olden - Briksdal. Oppover Oldedalsvegen køyrer bussar i store antal kvar dag, og saman med bubilar og anna oppstår kork nesten dagleg. Neste år er det venta 100 000 fleire reisande til Olden Cruisehavn, og mange av desse dreg også oppover vegen Olden- Briksdal.



Ein av dei mange trange møtestedene, her ved Gytri.

Frå trafikktellingsrapporten 2019 kan ein sjå at det på ein sommardag i juli er meir en 200 buss-passingar her.

Ferdig Trafikktal 2019 fv724 Oldedal...

Førebels berekna MDT for januar: **535** (Registrert med gammalt utstyr)

Trafikktal fv. 724 Oldedalen v/Bruvoll - Juli			Klassifisering				
Vekedag	Dato	Total	Lette	Bussar	Andre tunge	MC	Lkjente
Onsdag	10.07.2019	1927	1569	125	153	53	27
Torsdag	11.07.2019	1528	1563	143	189	47	24
Freddag	12.07.2019	1929	1670	54	133	55	17
Laurdag	13.07.2019	1969	1729	76	114	31	19
Søndag	14.07.2019	1985	1713	87	137	22	28
Måndag	15.07.2019	1943	1682	92	105	49	15
Tysdag	16.07.2019	2228	1830	202	116	46	34
Gjennomsnitt		1987	1679	111	130	43	23

Trafikktal fv. 724 Oldedalen v/Bruvoll - September			Klassifisering				
Vekedag	Dato	Total	Lette	Bussar	Andre tunge	MC	Lkjente
Tysdag	03.09.2019	960	882	40	28	7	3
Onsdag	04.09.2019	1107	955	76	85	6	5
Torsdag	05.09.2019	1018	938	24	49	3	4
Freddag	06.09.2019	1002	955	22	21	2	2
Laurdag	07.09.2019	977	928	22	8	13	6
Søndag	08.09.2019	951	905	21	12	11	2
Måndag	09.09.2019	1260	1022	119	72	39	8
Gjennomsnitt		1039	941	46	36	12	4

Førebels berekna MDT for januar: **118** (Registrert med gammalt utstyr)

Trafikktal fv. 724 Oldedalen v/Gytri - Juli			Klassifisering				
Vekedag	Dato	Total	Lette	Bussar	Andre tunge	MC	Lkjente
Onsdag	10.07.2019	1140	966	89	58	26	1
Torsdag	11.07.2019	1160	967	111	53	28	1
Freddag	12.07.2019	1175	1048	46	53	27	1
Laurdag	13.07.2019	1193	1066	68	43	16	0
Søndag	14.07.2019	1271	1134	84	56	16	1
Måndag	15.07.2019	1230	1073	88	46	22	1
Tysdag	16.07.2019	1409	1150	162	64	32	1
Gjennomsnitt		1225	1058	90	53	24	1

Trafikktal fv. 724 Oldedalen v/Gytri - September			Klassifisering				
Vekedag	Dato	Total	Lette	Bussar	Andre tunge	MC	Lkjente
Tysdag	03.09.2019	450	392	42	12	2	2
Onsdag	04.09.2019	474	392	61	17	3	1
Torsdag	05.09.2019	443	403	22	16	1	1
Freddag	06.09.2019	464	426	19	16	3	0
Laurdag	07.09.2019	447	410	21	12	4	0
Søndag	08.09.2019	482	439	22	18	3	0
Måndag	09.09.2019	-	-	-	-	-	-
Gjennomsnitt		460	410	31	15	3	1

Den sterkt aukande trafikken på vegen dei siste åra, har gjort at vegbana mange stadar er i ferd med å gi etter og er utslitt.

Fleire stadar held veg-grunnen også på å bli skylt ut i vatnet, og vegen kan derfor kollapse fleire stadar.

EIN LIVSFARLEG VEG

På dette skjøre underlaget, og utan autovern mot Oldevatnet dei fleste stadar, køyrer skulebussen med alle våre barn.

Her køyrer tungtransport frå Oldenvatn fabrikk, melkebilar og anna jordbruksrelatert transport. Her reiser 300 000 reisande opp og ned kvar sommar.

Den dårlege vegstandarden, saman med den overhengande rasfaren kvar vinter, gjer at vi som foreldre no innser at vi må sette foten ned, og seie; Nok er nok!

Vi kan ikkje utsette barna våre for dette lenger. Vi kan heller ikkje akseptere den belastninga det er for oss foreldre å vere redde omtrent kvar dag for kva som kan skje langs vegen her.

NO HASTAR DET!

Her er det klare budskapet frå oss til ansvarleg styrande:

Det er ikkje forsvarleg å la denne vegen forfalle vidare.

Det er heller ikkje forsvarleg å skulle fortsette å sende barna våre forbi desse rasfarlege områda, der både snø, jord og steinras er ein fare som også aukar.

Vi i foreldregruppa jobbar først og fremst for at våre barn skal ha ein så trygg barnehage- og skuleveg som muleg. Det er ikkje barna sin «feil» at politikarar ikkje har tatt signala som er sendt frå oss Oldedølene i fleire ti-år.

Men det er barna som vert utsett for farane ved manglande politisk vilje og handlekraft.

Barna våre har rett på trygg skuleveg!

MÅ EI ULUKKE SKJE FOR AT POLITIKARANE SKAL VAKNE?

Etter alle desse åra der dei lokale via Vegnemder og anna, har formidla den dårlege standarden på Oldedalsvegen, og ikkje noko har skjedd, så spør vi oss – kva er det som skal til for at det vert teke ansvar og noko blir gjort?

Vi roper varsku no, fordi vi er alvorleg bekymra for at ei ulukke skal skje her før politikarane set i gong trygging og opprusting som verkeleg gjer ein forskjel for tryggleiken på vegen.

For oss foreldre i Oldedalen hadde ei ulukke som skulle råke skulebussen vore ei utenkeleg katastrofe. For alle som har barn sjølv er det ikkje vanskeleg å forstå.

Foreldrene i dalen har daglege bekymringar, og mange vanskelege avgjerdsler å ta for barna sine kvar dag.

Er det trygt å reise på skulen eller barnehagen i dag?

Er bussen komen fram til skulen?

Kva om fonna går og vi er sperra inne i Oldedalen, og 1-åringen eller 2-åringen er på barnehagen i Olden?

For foreldra er alt dette ei enorm psykisk påkjenning. Det er det også for barna, som er klar over farene langs vegen.

EIN VIKTIG NÆRINGSVEG FOR HEILE REGIONEN og VESTLANDET

Kva om noko skulle skje med ein turistbuss oppover langs denne vegen?

Ei alvorleg ulykke her ville fått uheldige ringverknader i heile regionen, og ikkje minst vore ei tragedie.

Det er heilt ubegripeleg for oss å forstå, at det er mogeleg å la eit område som f.eks «Fossvega» stå usikra år etter år.

Briksdalsbreen og Oldedalen er eit nasjonalt og internasjonalt turistikon. Gjennom 100 år har dalens befolkning gjennom lokal satsing, privat finansiering og mykje stå-på-vilje skapt ein destinasjon som heile Nordfjordregionen har gode ringverknader av. Både Olden, Loen og anna turistverksemd i Stryn og Nordfjord hadde sett heilt anleis ut dersom det ikkje var for den turistmagneten Briksdal og Oldedalen er.

Vi vil at dette skal få fortsette på ein god måte, og vi ynskjer velkomen alle som kjem reisande til Oldedalen.

Kvifor prioriterer ein ikkje dette veg-området politisk?

Ser ikkje dei styrande kva denne bygda bidreg med, og betyr for heile regionen?

Vi vil minne om dei enorme økonomiske verdiane turistane som reiser opp til Briksdalen og Oldedalen generar for heile kommunen og Nordfjordregionen, samt Vestland. Hugs at svært mange reiser med Briksdalen som hovudmål for si reise til Nordfjord. Denne trafikken har store ringverknader økonomisk i heile regionen, og skapar meirverdi for veldig mange.



FORELDRENE OG SKULE/BARNEHAGE

På denne usikra, smale og rasfarlege vegen, sender vi altså heile vår neste generasjon av barnehagebarn og skulebarn – og ungdom.

Det er per i dag 16 barn i barnehagealder, og 22 barn og ungdom som tek skulebussen her kvar dag i skuleåret.

Foreldrene i Oldedalen har etter at skulen vart lagt ned, gått inn i ein tilværelse med daglege bekymringar, vanskelege avgjerdsler, redsler og angst. Og ikkje minst mykje køyring langs ein rasfarleg veg saman med dei minste barna sine. Alt dette er ei stor psykisk belastning for mange.

Verken Stryn kommune eller fylkeskommunen har vist vilje eller forståing for at konsekvensen av at skulen vart lagt ned i Oldedalen, også må innebære at skulevegen blir trygg.

Ein trygg skuleveg er noko alle skulebarn har rett på!

KVA ER DET SOM MÅ SIKRAST?

Her er nokre av dei farene ein sender barna heilt ned i 1-års alderen forbi:

- Ti snøskred som kan sperre vegen dei verste dagane gjennom vinteren
- Ein betydeleg auka fare for jordskred i utsette område, spesielt frå Sunde og fram til Rustøen. Dette har vorte meir utsett etter at vi ser våte vintrar med mykje nedbær og uver.
- Dei køyrer på ein veg som er smal og mange stadar UTAN sikring, autovern eller anna mot det djupe vatnet.
- Ved Fossvega går utvidinga på skrå ned mot vatnet. Ikkje berre er faren at snøskred kjem rett i vegbana her ovanfrå, men på ein glatt dag kan køyretøy lett segle på vatnet.
- Både ved Fossvega, samt andre stader, er det fare for kollaps under veg-grunnen samt at vegbana står i fare for å gje etter og kan rase ut i vatnet.
- Det er 7 km veg som ikkje har vorte opprusta i det heile. 20 km frå Olden til Briksdal har behov for utviding og etterhald fleire stader.
- Ein treng ein lengre tunnell for å sikre dei mest utsette stadane for jord – og snøras.
- Ein treng skredsikring/varsling og vollar alle dei andre stadane der skred kan gå.
- Ein treng breiare og sikrere veg som kan handtere den enorme trafikken med bussar, bubilar, personbilar, tungtransport.
- Ein treng at vegen vert sikra mot vatnet og bratte skråningar.



Steinras i Yristranda.

KVA VIRKEMIDDEL MÅ TIL FOR Å BLI HØYRT?

I forhold til vegen har Oldedølene valt ein tone av samarbeid, samtaler og gode relasjonar for å nå fram med sitt budskap, no gjennom fleire tiår! Ein har haldt seg unna «klaging ,syting, masing og krav».

No undrar vi på om «godt samarbeid» har skada saka om Oldedalsvegen; at det å ikkje «skrike høgast» gjer at ein dermed ikkje vert prioritert?

Vi spør oss om kva slags type samabeids-klima politikarane ynskjer saman med dei som bur i det samfunnet dei skal vere med å styre.

Vi spør oss; Kvifor har ikkje Oldedølene blitt høyrte på gjennom alle desse åra? Resultatet no er ein livsfarleg veg både sommar og vinter.

Foreldreaksjonsgruppa for Trygg veg Olden- Briksdal kjem ikkje til å gå like stille i dørene framover.

VI YNSKJER SVAR

Vi ynskjer å få konkrete svar frå dei som sit med eit reellt ansvar for denne vegen, kva refleksjonar dei gjer seg omkring det vi no har forklart.

Vi vil også vite om dei sjølv ville hatt denne vegen som skulevegen til barna sine?

Vegvesenet har sjølv uttalt at dei ikkje vil jobbe på vegen gjennom vinterhalvåret på grunn av rasfare. Kvifor skal vi synast at det er greit å sende barna våre på denne vegen gjennom heile vinteren?

Kva vil de gjere for at denne vegen no vert prioritert?

Kva kan vi rekne med å sjå av sikringsarbeid og opprustning, - som er Stryn kommune og Vestland fylkeskommune sitt ansvar, - på denne viktige vegstrekninga for regionen?

Ein ting veit vi;

Det er ikkje ressursane det står på, eit svar omkring manglande økonomi vert på ingen måte akseptert, for det veit vi at ikkje er sant. Det handler om vilje og om prioriteringar.

Vi kjem ikkje lenger til å akseptere at denne vegen ikkje vert prioritert, eller teke ansvar for.

HER ER VÅRE KRAV:

- At Oldedalsvegen kjem høgst opp på prioriteringslista over fylkesvegar som skal få bevilgningar og tryggast ordentleg
- At Oldedalsvegen vert omhandla som ei hastesak og prosessar vert framskunda
- At ansvarlege politikarar i kommune og fylke overfor oss, barna våre og offentleg går ut med ein konkret handlingsplan som viser oss at vi kan forvente endring i næraste framtid
- At heile skulevegen til barna våre, og ein viktig næringsveg for heile regionen, vert trygga og opprusta på ordentleg måte, og i næraste framtid

NY START – VESTLAND FYLKE

Vi vel å sjå på overgangen til Vestland fylke som mogelegheita til ein NY START for saka og veggen Olden – Briksdal.

Der ein ny konstallasjon i Vestland Fylke og også i Stryn kommune viser større kompetanse, forståing og heilheitstenking i sine prioriteringar.

Ikkje minst at det arbeidet som er gjort for å betre veggen dei siste ti – tjue åra no gjev resultat, for no handlar det om liv og helse.

Vi gir oss ikkje før barna våre kan reise på ein skule- og barnehage veg som er forsvarleg og trygg.

Vi ser fram til respons på dette utspelet frå dykk.

Helsing

Johanne Melkevoll og Hege Gjertsen

på vegne av foreldregruppa for Trygg veg Olden – Briksdal.



Stort jord/stein ras på Yri som gjorde stor skade på veggen.



Stein og jordskred ved Flåten, Kroka.



Snøras over Oldedalsvegen ved Fosvega.